

DARIUS RADZEVICIUS TOURS  
Vinjadalen 41  
5713 VOSSESTRAND

Dato: 12.09.2018  
Vår ref.: 2018/141-47  
Saksbehandlar: nilelde  
Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om midlertidig fritak frå krav om løyve for transport med personbil

Vi viser til din søknad av 8.8.2019 om mellombells fritak frå krav om løyve for transport med personbil, samt korrespondanse med deg på e-post 4.9.2019. Det kjem fram av korrespondansen med deg på e-post at du ikkje vil leggje fram bankgaranti.

Det følgjer av yrkestransportlova § 21 første ledd, jf. yrkestransportforskriften § 23 første ledd, at departementet i forskrift eller i einskildvedtak kan fastsetje unnatak frå krav om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part.

I rundskriv N-7/2017 har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert denne myndigheita til fylkeskommunane. Det følgjer av rundskrivet at ei rekke objektive krav må være oppfylt for at fylkeskommunen skal kunne gje løyvefritak. Blant anna er det eit krav til at søkaren må ha tilfredsstillande økonomisk evne, jf. yrkestransportforskriften § 7.

Det følgjer av § 7 at søkar må leggje fram ein garantierklæring frå bank eller forsikringsselskap. **Ettersom du ikkje har stilt ein slik garanti, vert søknaden din avslått.**

Dette vedtaket kan klagast på til Hordaland fylkeskommunes si klagenemnd. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Ei eventuell klage må framsetjast samferdselsavdelinga. I klagen bør det nemnast kva endringar som er ønskja, og ei forklaring på kvifor vedtaket bør gjerast om. Vi viser til reglane om klage og omgjerding i forvaltningsloven kapittel 6. Søksmål om lovlegskapen av vedtaket eller erstatningskrav kan berre reisast dersom klagemulegheita er nytta først. Eit eventuelt søksmål må reisast innan to månader rekna frå underretninga om klagevedtaket kom fram, jf. yrkestransportlova § 34.

Med dei avgrensingar som følgjer av forvaltningsloven §§ 18 og 19 har du rett til å sjå sakas dokumenter.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*